



Hardangerrådet iks



Notat frå Stormøte i Eidfjord 22.06.2015 om dei 3 Administrativ utgreiingane for kommunereforma i Hardanger

I alt om lag 280 frammøtte: Kommune-/heradstyremedlemmer, Kommuneadministrasjon og tillitsvalde, Publikum.

Gjester: Ole Bakkebø, Fylkesmannen i Hordaland og Victor Ebbesvik, KS Vest.

Opning: Inger Kristine Riber spela Grieg.

Ordførar Anved Johan Tveit ønska velkommen.

Takkeord og blom frå Rådmannsforum ved Ingrid Guddal til Leiv Vambheim.

Møteleiar: Rådsordførar John Opdal.

Notat ved: Leiv Vambheim og Trude Rinaldo.

Presentasjonar ved Bjørnar Dagstad, Kvam herad og Joakim Øren, Ulvik herad.

Stikkord:

Lang prosess i 7 kommunar med mange involverte.

1. Generelt:

Regjeringa sine mål og Ekspertutvalet sine 10 kriterier var gjennomgått.

Oppgåvemeldinga frå Ekspertutvalet. (sjå presentasjon).

2. Mandatet i Hardangerutgreiingane:

Gje rammene / utgangspunktet for det administrative kommunestrukturarbeidet i Hardanger. Utgreiinga vert avgrensa frå politiske føringar. Neste steg er intensjonsavtale, men forholda mellom utgreiingane og politisk arbeid må vekselverka før eit vedtak om kommunesamanslåing. Inndelingslova: Rettslege utgangspunkt, Regulerer ei rekkje praktiske og prosessuelle forhold. Staten løyver 100.000 kr til høyringsarbeidet i kvar kommune som sjølv bestemmer korleis ei høyring skal vera. Reglar for gjennomføringa av vedtak. Samanslåing av kommunar inneber at ny kommune vert eit nytt rettsobjekt. For tilsette gjeld Kap 16 I AML: Arbeidsforholdet vert automatisk vidareført, ikkje same stilling og ingen oppseiing unntatt overtalligheit. Bør utarbeidast strategi for arbeidsgjevaransvaret i omstillingsprosessen.

Fjellforvaltning: Beite og sætterrettar ingen endring, Jakt og Fiske; Innanbygds jakt og fiske gjeld dels kommunegrensene frå 1956, og noko følgjer nye kommunegrensar.

Lova opnar for at Fjellstyra kan vera som no, men Statskog bestemmer.

3. Utgreiingstema :

To Sørutgreiingar: Blå farge: Jondal Kvam og Odda, Raud farge: Jondal Odda Ullensvang. Det skal vera mogeleg å samanlikna alle 3 utgreiingane.

Arealsamanlikning. Befolkingssamanlikning, Demografi betyr ikkje noko for ein samanslått kommune. Kommuneøkonomi. Rammetilskot, Skatteinntekter, Eigedomsskatt, Verk og bruk / bustad, Kraftinntektene lite påverka av ny kommune, Eingongskostnader og Reformstøtte. Tenesteyting: Økonomiske tal er lite samanliknbare grunna ulike organisering i dag, Interkommunale samarbeidsområde kan halda fram eller tas tilbake av ny kommune, Stordriftsfordeler og potensiale for innsparing, Kommunen som demokratisk arena, Teori og forskning, Kommunesamanslåing førte til utfordringar, Nærdemokratiordningar for mindre

geografiske områder, Identitet er vanskeleg og omfattande men viktig for kommunesamanslåing, Næringsliv.

Utgreiing nord: Eidfjord , Granvin, Ullensvang og Ulvik. Arealstorleik, Folketalsutviklinga, Kommuneøkonomi, Driftsinntekter og driftsresultat, Eigedomsskatt, Kraftproduksjon vesentleg, Merk overgangsordning td 2 år for å harmoniser reglane, Kraftinntekter, Andre tema...men ingen graverande funn slik at det ikkje er store endringar. Kommunen som tenesteytar, Mykje samarbeid i dag, Kommunal tenesteproduksjon sysselset 735 årsverk. Innsparingar, Kommunen tilpassa drifta si, administrativ innsparing er mogeleg viss det er vilje, Framtidsmogelegheiter: Nærings og samfunnsutvikling, kompetanse, næringsfond, gjennomslagskraft / konkurranse, Negativt er avstand til kommunehus, færre kommunestyrerepresentantar pr innbyggjar....

4. Spørsmålsrunden:

- a) Spørsmål: Grensejustering opptek Odda. Kven bestemmer dersom ein del av kommunen ønsker å gå til ein annan kommune.
Svar: Dette har ikkje vore del av utgreiinga. Bakkebø svara at grensejustering er naturleg del av arbeidet.
- b) Spørsmål: Ullensvang har ei nøkkelrolle. Kva konsekvensar har det for nord alternativet, dersom Ullensvang går mot sør.
Svar: Det er ikkje del av utgreiinga
- c) Spørsmål: Prosentauke av eldre og gamle innbyggjarar i ny kommune. Skal me kunna tiltrekka oss nye bedrifter, så må eigedomskatten kuttast.
- d) Spørsmål: Samla kraftinntekter på alle kommune ?
- e) Spørsmål: Viktig sak for kommunane. Kommunane skal gjera sitt vedtak våren 2016. Dette er svært knapp tid. Bør ikkje bli pressa på tid i ei så viktig sak.
- f) Spørsmål: Har de sett på geografien når ein vurderar innsparing og stordriftsfordeler?
Svar: Nei, dette er ikkje teke med i denne utgreiinga. Kun sett på administrasjon og styring, ikkje gjort vurdering konkret på geografi.
- g) Spørsmål: Eigedomsskatt er ei viktig sak . Korleis vert dette i ny kommune. Må taksering gjerast på nytt, der dei har gjort dette før?
Svar: Om ein må taksera i løpet av dei 2 åra er Øren usikker på. Uansett er det gjeve 2 år til.
- h) Spørsmål: Kva vekt kan ein leggja på nærdemokratiet, korleis vil det evt kunna påvirka demokratiet?
Svar: Vanskeleg å seia, men dette kan heilt klart motverka avstanden mellom lokalpolitikarane og innbyggjarane. Dette vil kunna gjera demokratiet betre.
- i) Spørsmål: Kva med identitet, kultur o.l.? Det som gjer oss til Hardingar. Håpar at det kjem eit eige møte på dette temaet.
- j) Spørsmål: Kva er næringslivet verdt? Korleis skal me koma vidare med Merkevarer Hardanger?
- k) Spørsmål: Om 5-15 år skal ein kunna spara 40 – 50 millionar i Nord-alternativet. Kva vil det ha å seie for kommunane at det vert så stor reduksjon i arbeidsplassar?
Svar: Dette er ikkje del av rapporten,

Refleksjonar frå Ole Bakkebø, Representant for Fylkesmannen i Hordaland.

Stikkord:

- No er det gått 1 år sidan kommunane vart utfordra til å gjera desse utgreiingane. Stortinget legg vekt på at dette er frivillig, men frivilligprinsippet kan opphevast dersom små enkeltkommunar stiller seg i vegen for gode framtidssretta kommunar. I Hordaland utkrystaliserar det seg no retningar, spesielt ser ein dette i Nordhordland
- 1.juli 2016 er frist for kommunane å fatta vedtak/viljesærklæring om samanslåing. Umiddelbart etter dette er Fylkesmannen beden om «å tegna kartet». Stortinget sin vilje til å gje Fylkesmannen makt til å tegna kartet etter 1.7.2016, vil seia at frivilligheita vert teken meir bort.
- Fylkeskommunen sin rolle vert samfunnsutvikling, kultur, vidargåande skule, samferdsel.
- Alle kommunane skal løysa sine eigne oppgåver (generalistkommunar), men ein ser at dette ikkje vil la seg gjere.
- Viktig at kommunane kjemper for at oppgåver vert teken ut av Fylkesmannen og Fylkeskommunen og flytta til kommunane.
- Våren 2017 vert det sendt ein Stortings Proposisjon om ny kommunereform og struktur, samstundes vert det lagt fram endringar i størrelse på fylka i landet. Dette skal også landa i 2017.
- Det dreier seg om å bygga ein ny kommune, som skal vera i stand til å møte framtida.
- Godt med gode rapportar som er med på å fortelja korleis framtida sine tenester kan sjå ut.
- Rike kommunar trur dei skal klara seg sjølve, men det kan fort endra seg. Staten kan endra på fordelar, dersom dette ikkje er teneleg for storsamfunnet. Inntektstraumen i framtida veit ein ikkje noko om.
- Kommunedeling er ein naturleg like del av kommunereforma som samanslåing er det.
- Dette er ganske likt som sist kommunereform, bortsett frå at det no er bygd mange vegar og bruer, telefon og internett. På Hardangerbrua er det 15 minutt til 4 kommunehus; Det er tid for endring.
- No ligg tala der. No kjem det vanskelege politiske arbeidet. Kvar skal ungdomskulen vera, kvar skal sjukeheimen vera, kvar skal kommunehuset vera etc...
- Kommunestyra må gjennom alt dette. Fylkesmannen er villig til å gå ein runde til å fylla på med meir informasjon.
- Om det er divergens mellom det kommunane har vedteke og det fylkesmannen ønskjer, om det er stor avstand mellom kommunen og Fylkesmannen, så vil Fylkesmannen gå i dialog med kommunane.
- 50 år sidan sist kommunereform, tida er der. Gje informasjon til folket og tilsette. Gjer vel å få reforma forankra i folket.
- Til slutt: Håpar alle gjer gode vedtak, som skal stå i 50 år framover.

Hugs: Gjer det som er bra for Hardanger.